



Vinje kommune
Vinje sjukeheim



Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
KNY	2010/2608	1078/2011	G10/&13	18.01.2011

Høyringsvar Forslag til ny Folkehelselov

Vedlagt oversendast høyringsvar f.rå Vinje Kommune

Med helsing

Kari Dalen
institusjonssjef

Vedlegg:



--

Arkiv saknr:	2010/2608
Løpenr.:	17808/2010
Arkivkode:	G10/&13

Utval	Møtedato	Utval Saksnr
Oppvekst- og velferdsutvalet	08.12.2010	10/35
Eldrerådet	14.12.2010	10/17
Råd for funksjonshemma	14.12.2010	10/17
Kommunestyret	13.01.2011	11/6

Sakshandsamar: Kari Dalen

Høyringsvar Forslag til ny Folkehelselov

Vedlegg:

- 1 Høringsbrev
- 2 Forslag til ny folkehelselov

Dokument i saka:

Høringsbrev
Høyringnotat Forslag til ny Folkehelselov

Bakgrunn:

Ny Folkehelselov vil saman med forslaget til ny helse- og omsorgslov erstatte kommunehelsetjenesteloven, sosialtjenesteloven og lov om fylkeskommuners oppgaver i folkehelsearbeidet.

Forslaget er ei oppfylging av St.meld. nr. 47 (2008 – 2009) Samhandlingsreformen. Formålet med loven er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og motverkar sosiale forskjellar i helse.

Lovforslaget skal etter planen fremjast for Stortinget våren 2011.

Hovudtrekk i lovforslaget:

- Ansvar for folkehelsearbeid blir lagt til kommunen som organisasjon. I dag ligg ansvaret i kommunen ved sin helseteneste. Forslaget inneber at kommunen skal bruke alle sine sektorar for å fremje folkehelse, ikkje berre helsesektoren.
- Kommunane skal fastsetje mål og strategiar for folkehelsearbeidet eigna for å møte kommunanes eigne helseutfordringar. Mål og strategiar skal forankrast i

planprosessane etter plan og bygningslova. Mål og strategiar skal forankrast i planprosessane etter plan- og bygningslova.

- Kommunanes ansvar for å ha oversikt over helsetilstand og påvirkningsfaktorer blir konkretisert, slik at de får eit tydeleg bilete av kva som er lokale helseutfordringar i den einskilte kommune. Statleg helsemyndigheit og fylkeskommune skal gjere opplysningar tilgjengeleg og understøtte kommunane.
- Ei drøfting av kommunens helseutfordringar skal blant anna danne grunnlag for lokal planstrategi. På same måte skal ei drøfting av fylkets helseutfordringar inngå i regional planstrategi.
- Kommunane skal setje i verk nødvendige tiltak for å møte lokale utfordringar.

Gjennom lovforslaget er bestemmingar om folkehelsearbeid på alle forvaltningsnivå, samla i ein lov.

KS BTV ved fagutvala for helse og omsorg har kome med forslag til høyringsinnspel. Notata under byggjer på desse.

Vurdering:

Innspel til høyringsnotatet:

Tilhøvet mellom fylkeskommunale og kommunale oppgåver og ansvar:

Kommunen sluttar seg til forslaget til ny Folkehelselov som rettar seg mot alle forvaltningsnivå og sektorar/faktorar som påverkar innbyggjaranes helse.

Kommunen ser at krav om samordning på tvers av ulike sektorar og fagområde ikkje er gjenspeila på statleg forvaltningsnivå, og bed om at dette vert vurdert i lys av at folkehelsearbeid har store samfunnsmessige konsekvensar.

Lovteksten skildrar at fylkeskommunen skal vere pådrivar for og samordne folkehelsearbeidet gjennom mellom anna alliansebygging og partnerskap. Omgrepet partnerskap bør tydeleggjerast i lovteksten, og bruken av omgrepet må vere i tråd med fylkeskommunens ansvar som regional utviklingsaktør.

Folkehelsekompetansen i kommunen må vektleggjast.

Utgangspunkt: Forslag om nye oppgåver/plikter/aktivitetar for kommunane

Auka satsing på folkehelsearbeid bør vere del av ein ny opptrappingsplan slik at både kommunar og fylkeskommunar blir sett i stand til å planleggje, implementere og sette i verk aktuelle tiltak gradvis.

Styrking av folkehelsefeltet må fylgjast opp med økonomiske midlar.

Tydeleggjering av fastlegens rolle og ansvar i folkehelsearbeidet bør innarbeidast, eventuelt gjennom forskrift.

Rådmannens framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek høyringsuttala slik det går fram av saksframstillinga.
--

Rådmannen,

Hans Kristian Lehmann, rådmann /s/

Handsaming i Oppvekst- og velferdsutvalet 08.12.2010:

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

Kommunestyret vedtek høyringsuttala slik det går fram av saksframstillinga.
--

Saksordførar: Børre Rønningen

Handsaming i Eldrerådet 14.12.2010:

Framlegg frå eldrerådet:

Eldrerådet har ikkje merknader til rådmannens framlegg i denne omgang. Men rådet føreset at dei får til uttale det som skal utførast av spesifikke tiltak før dei blir sett i verk. Med fordeling av oppgåver, ansvar og kostnader.

Framlegget frå eldrerådet blei samrøystes vedteke.

Eldrerådet har ikkje merknader til rådmannens framlegg i denne omgang. Men rådet føreset at dei får til uttale det som skal utførast av spesifikke tiltak før dei blir sett i verk. Med fordeling av oppgåver, ansvar og kostnader.
--

Handsaming i rådet for funksjonshemma 14.12.2010:

Framlegg frå rådet for funksjonshemma:

Rådet for funksjonshemma har ikkje merknader til rådmannens framlegg i denne omgang. Men rådet føreset at dei får til uttale det som skal utførast av spesifikke tiltak før dei blir sett i verk. Med fordeling av oppgåver, ansvar og kostnader.

Framlegget frå rådet blei samrøystes vedteke.

Rådet for funksjonshemma har ikkje merknader til rådmannens framlegg i denne omgang. Men rådet føreset at dei får til uttale det som skal utførast av spesifikke tiltak før dei blir sett i verk. Med fordeling av oppgåver, ansvar og kostnader.
--

Handsaming i Kommunestyret 13.01.2011:

Framlegget frå oppvekst- og velferdsutvalet blei samrøystes vedteke.

Kommunestyret vedtek høyringsuttala slik det går fram av saksframstillinga.
--